

## Frå Tsjekkia - søndagstur på Manen og Englafjell.

14.07.2019



Turgruppa frå Tsjekkia samla ved Gamleskulen etter returen frå Manen og Englafjell.

**Fyrste turen til Kvinnherad og Uskedalen var i 2015. Det er såleis femte gongen ein reiseoperatør frå republikken Tsjekkia legg inn Manen og Englafjell i Uskedalen som eit årleg turmål. Uskedalen.no nådde i gruppa etter nedstiging og samling på plenen ved Gamleskulen før retur til Sundal Camping, der gruppa bur.**

Petra Szekeresova er turleiar. Med seg har ho 21 turgåarar, tre guidar og to sjåførar. Gruppa vart delt inn i to. Dei sprekaste starta litt før gruppe to, gjekk inn Eikedalen til Jordsvatn før ein la turen vidare opp på Englafjell. Gruppe to gjekk også Eikedalen direkte til Manen. Begge gruppene samlast på Manen før retur til samlingsplassen og bussen. Turen starta kl. 10 og alle var nede til bussen kl. 18.

Reisegruppa frå Tsjekkia brukar fjella i Noreg fast kvart år. Før dei kom til Kvinnherad, hadde dei vore på Gaustadtoppen. Så var det Uskedalen i dag. Før retur til heimlandet 21. juli skal dei mellom anna på Folgefonna og Trolltunga. Dessutan vil dei til Eidfjord og Vøringsfossen.

Går alt etter planen vert det ny tur til Kvinnherad og Uskedalen neste sommar. Det som er særmerkt med Manen og Englafjell er plasseringa så nær kysten og dermed utsikten i havet og frå Karmøy i sør til Hellesøy i nord.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal